

## HMT rapport til SU møte 23/2 2018

Rapporten dekker tida frå forrige SUMøte og fram til dd.

Finnøy kommune er inne i ein omstillingsperiode som delvis påverkar Oppvekstsenteret og avdelingane deira.

Me har fått ny vaktmeister. Planen er at ein person skal ha oversikt og oppsyn med Ombo og Halsnøy. Dette reduserer, i teorien, utfordringane med kontinuitet slik at vedlikehaldsarbeid og oppsyn ikkje bytar hender, men blir sett på med eit heilheitleg blikk.

HMT, rektor og rep frå Finnøy Kommune møtte Rogaland Brann og redning for eit planlagt branntisyn tidleg i februar. HMT og rektor hadde jobba med utbetring av påpeikingar frå tidlegare, så alt var godt førebudt. Utfordringa er at Skuleeigar (kommunen) ikkje har alle systemer på plass slik at rutinar er pålitelige. Dette var eit av to påpeikingar. Den andre var at ROS-analysen vår må bli meir systematisk. Dette jobbar HMT med denne våren.

Rapport frå radonmåling: Siste rapport var frå Halsnøy viser 60Bq/m<sup>3</sup> +/-10. Anbefalt grense før tiltak er 100 Bq/m<sup>3</sup>. Målinger gjøres når ventilasjon er på og av natt/dag. Viser derfor også noe høgare snitt enn reelt.

Forrige rapport var farga av ein stor usikkerheit rundt samarbeid og forhold mellom ansatte, foreldre og eigar. Sidan sist gong har der vore møter med desse partane. HMT vil ikkje konkludere eller skrive meir om dette per nå men kjem tilbake til det når det blir naturleg.

Ansatte på Ombo har hatt felles møter på starten av 2018 der fleire tiltak har blitt satt i gong for å skape betre kommunikasjon på tvers av avdelingar.